
Saksnr: 2019/13-23
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad
Dato: 02.12.2021

Til: Fylkestinget, yrkesopplæringsnemnda, hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektøren

Uttale/innstilling frå yrkesopplæringsnemnda

I reglement for folkevalde organ og delegering side 45 er ei oversikt over folkevalde organ sin innstillingsrett. Av oversikta går fram at yrkesopplæringsnemnda gjev innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse. Samstundes går det fram av reglement for yrkesopplæringsnemnda at nemnda gir tilråding i alle saker der det går fram av lov at nemnda skal gi uttale eller råd. Det har i administrasjonen so vel som i nemnda vore drøfta om nemnda skal gi innstilling eller uttale i saker som skal avgjerast i andre organ.

Innstillingsrett gir eit organ ei *rett til å kome med eit heilskapleg forslag til vedtak i saka*. Det følger av retten til å innstille at innstillande organ har møte før det vert helde møte i organet innstillinga sendast til.

Ei uttalarrett gir eit organ *rett til å uttale seg i ei sak*. Det kan vere til heile saka, eller avgrensa til den del av saka der uttalande organ finn det hensiktsmessig.

Av opplæringslova § 12-4 (2) følger:

«Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.» (Fylkesdirektøren si understreking)

Av opplæringslova § 12-4 (3) er vidare lista opp oppgåver der nemnda skal fremje forslag, vurdere og uttale seg.

Av opplæringslova § 4-8 (2) følger:

«Fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. Saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa skal alltid leggjast fram for nemnda. Fylkeskommunen skal leggje vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt når han avgjer saker som gjeld fag- og yrkesopplæringa. I samband med godkjenning av lærebedrift eller vedtak om tap av godkjenning skal fylkeskommunen leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda, jf. § 4-3.» (Fylkesdirektøren si understreking)

Føresegnene i opplæringslova dreg i retning av at nemnda skal kunne ha ein fri uttaleform. Det er likevel ikkje til hinder for at nemnda kan ha innstillingsrett, dette ligg til fylkestinget å bestemme. Ein slik rett inneber som skildra innleiingsvis at forslaga som kjem frå nemnda har ein heilskapleg form, noko som ikkje alltid samsvarer med nemnda si arbeidsform. På bakgrunn av dette ser fylkesdirektøren det som hensiktsmessig at vedtak i nemnda skjer i form av uttale. Dette vil gi

nemnda ein friare arbeidsform, men samstundes stille høgare krav til organet som mottek slik uttale til å inkorporere synspunkt som vert fremja i presise vedtakspunkt.

Ei anna konsekvens av at nemnda har uttalerett, er at det ikkje er eit absolutt krav om at møte i nemnda vert halde før møte i hovudutvalet i dei høva saka skal vidare til fylkesutval/fylkesting. Fylkesdirektøren legg (som for medverknadsorgana) til grunn at det absolutte kravet er at nemnda har fått uttale seg før endeleg avgjerd skal verte fatta. Dette gjev noko større fleksibilitet for møteavvikling i nemnda.

Fylkesdirektøren legg til grunn at alle vedtak i yrkesopplæringsnemnda skjer i form av uttale. Fylkesdirektøren vil gjere naudsynt justering i reglement for folkevalde organ ved neste revidering.